



INNKALLING TIL FAU-MØTE,

Tysdag 07.februar 2017 KL.17:00, SÆBØ SKULE, Kantina.

Både representant og vara er innkalla

- 1.Trinn Marte Kristin Merkesdal og vara Carina Marthinussen
- 2.Trinn Evelyn D. Askeland og vara Bente Marås
- 3.Trinn Solveig Elvik og vara Randi Sagstad
- 4.Trinn Solfrid Lunde – Dawson og vara Jimmy Amundsen
- 5.Trinn Kjetil Hole og vara Lars Mæhle
- 6.Trinn Kjetil Oen og vara Ole Johan Ingebrigsten
- 7.Trinn Gunnhild Soltveit og vara Gunn T. Haukeland

Sak:

1. Godkjenning av innkalling/saksliste
2. Referat frå sist
3. Møte med prosjektgruppa « Tett på».

«Oppfordringa frå FAU om meir informasjon og tettare kontakt med prosjektgruppa er velkommen hjå skulen og PPT. Skulen kan ikkje svare på Statped sine vegne, men dei kan vidareformidla spørsmål FAU og foreldre måtte ha, og gje svar på spørsmåla.

*FAU representant kjem med innspel og oppmoding om å ha fokus på:
Grunnleggande ferdigheiter.*

*Relasjonskompetanse hjå dei vaksne på skulen.
Klasseroms leiing.»*

Sjå også innspel frå FAU etter sist møte 10.januar.

4. Solveig og Gunn informerer om temakveld for elevar, foreldre og personalet 23.mars 2017.
5. 17.mai – kort gjennomgang av referat og status. Det skal vere møte i 17.mai komiteen rett etter FAU-møtet.
6. Ymse (meld sak inn til leiar om nokon har noko på ymse)

Med helsing

Solveig Elvik

Referat frå møtet i FAU tysdag 7.februar 2017

Desse møtte frå FAU: Gunn H, Gunnhild, Marte, Kjetil H, Kjetil O, Solveig, Solfrid.

PPT v/ Unni H. Nordberg, Statped Vest v/ Tove Theie, rektor Rolf Sandstad, Kari Mette og Marit.

Desse meldte forfall frå FAU: Lars, Evelyn, Bente, Carina

Sak 1: Innkalling godkjent

Sak 2: Referat frå sist godkjent

Sak 3: Orientering og drøfting av « Tett på» prosjekt.

Tove Theie innleia med at ein i « Tett på « prosjekt har fokus på systemutvikling og rette fokus på det ein kan gjere noko med på skulen. Å utelukkande sjå på individ (elev) er utdatert, dette endra seg for ein del år sidan. Tove orienterte om arbeidet med personalet på skulen. Det har i hovudsak vore fokus på lærarane, assistentar er også med i utviklingsarbeidet og deltek på det meste av arbeidsmøter.

Tove fortalte om hovudpunkt i dette arbeidet:

- Positiv kommunikasjon – mot elevar og internt i personalet
- Å etablere felles reglar og rutinar – modellere desse
- Organisering av undervisning - stasjonsundervisning
- Effektive og gode beskjeder
- Motivasjon
- Samarbeid skule – heim

Nokon av desse punkta er ein godt i gang med og skulen opplever at det er rolegare på skulen. Ein har hatt ekstra fokus på kantinesituasjon. I desse punkta seier prosjektgruppa at ein også arbeider med det som FAU har etterlyst; relasjonskompetanse og klasseleing. Neste møte med « Tett på « på skulen vert det fokus på effektive og gode beskjeder. Det vart også framheva « Vurdering for læring» som viktig i dette utviklingsarbeidet. Viktig at tilbakemeldingar i forhold til skulearbeid til elevane er konkrete og framoverretta. Vurdering for læring er også eit punkt som er viktig for foreldre å vere godt orientert om. FAU ynskjer meir informasjon om « Vurdering for læring» på neste møte med prosjektgruppa.

Rektor informerer om elevundersøkinga og foreldreundersøkinga. Ei arbeidsgruppe har sett på resultat og i SU / SMU har ein vedteke at to området vert vektlagt i det vidare arbeidet;

-dialog og medverknad

- informasjon frå skulen

FAU-representantar har spørsmål kring verkemiddel som ytre belønning, som til dømes boller som belønning etter forventa åtfærd. Dette har blitt brukt i forhold til ein klasse når dei skal ha vikarar. Dette verker jo ikkje etter ei viss stund. Når det kjem til motivasjon ynskjer ein jo at det skal vere ein indre motivasjon. Skulen har hatt dette som tema på sist møte

opplyser dei om. Det vart drøfta litt rundt dette. Skulen seier det er viktig at foreldre førebur ungane om dei veit dei skal ha vikar. Tove Theie peiker på at det er viktig at dei vikarane ein nyttar i klassar med utfordringer ikkje er uerfarne.

Nytt innspel frå FAU- representant som spør om ein kan seie noko om årsak til kvifor Sæbø skule har havna i denne situasjonen med tanke på negativ omtale og tilsyn frå Fylkesmannen. Ein hadde ei drøfting kring dette. Det verker vanskeleg å svare konkret på dette spørsmålet, det er ei samansett sak. Ein håpar at på sikt at elevundersøkingar og foreldreundersøkingar vil vise positive resultat i forhold til utviklingsarbeid som ein er godt i gang med på skulen samt arbeidet kring punkta frå elev – og foreldreundersøkinga.

Det er framheva av FAU at ein forventar at « Tett på» arbeidet fortsetter og at det er tydelege forventningar om det frå skuleeigar.

Vidare drøfta ein at det er forventningar hjå både foreldre og av skule at ein pratar positivt om kvarandre. Dette er eit viktig punkt i skule – heim samarbeid. Positiv framsnakk må gå begge veger. Viktig at skule og foreldre skapar ein « Vi» stemning saman.

FAU skal ha nytt møte med prosjektgruppa i løpet av mai. Rektor sender aktuelle datoar til leiar. 30.mai kanskje mest aktuelt.

Sak 4:

Gunn og Solveig orienterte om arbeidet med sosial kveld 23.mars kl.1730. «Absence Crew» vil ha ei forestilling, foredrag og workshops for elevar, foreldre og personalet på skulen. Kvelden vert obligatorisk for elevane. Det er ikkje anledning til å ta med søsken som ikkje går på skulen. Arbeidsoppgåver framover er fordelt i arbeidsgruppe saman med skule og elevråd. Nytt møte i denne arbeidsgruppa 16.februar. FAU-representantar vil få tildelt oppgåver etter kvart. Solveig orienterer om denne kvelden på felles foreldremøte i februar, saman med nokon frå Elevrådet.

Sak 5:

17.mai: Marte informerer FAU om arbeid i komiteen. Ein følgjer stort sett plan frå førre år. Komiteen skal ha møte etter dette FAU-møtet. Referat vert sendt til FAU-leiar. Forespørsel frå Austebygd om å utsetje Gudsteneste på Sæbø med 15 minutt. Dette skal komiteen drøfte og sende tilbakemelding til Solveig om. Det er behov for fleire involverte i 17.mai arbeidet. Ulike løysingar vart diskutert. Det vil vere behov for å innkalle klassekontaktar frå fleire klassar.

Sak 6: Ingen sakar på ymse.

Referent

Solveig Elvik